

Avtale om interkommunalt samarbeid om jordmortenester

etter

vertskommunemodell § 28b

Innholdsfortegnelse

1	ALLMENNE VILKÅR	3
1.1	Partar	3
1.2	Sjukehuset Telemark HF (heretter kalla STHF)	3
1.3	Driftsavtale med Tokke kommune	3
1.4	Andre parter	3
1.5	Bakgrunn og føremål	3
1.6	Oppstart varighet/revisjon	3
1.7	Samarbeidsutval	4
2	ARBEIDSGJEVARANSVAR	4
2.1	Avdelingsleiar	4
3	DELEGASJON, KONTROLL OG KLAGESAKER	5
3.1	Delegering av mynde	5
3.2	Internt tilsyn og kontroll med samarbeidet	5
3.3	Klagesaker	5
4	FINANSIERING, REKNESKAP OG RAPPORTERING	5
4.1	Finansiering	5
4.2	Rekneskap	6
4.3	Årsrapport	6
5	TVISTEMÅL	6
6	UNDERSKRIFTER	6

1 Allmenne vilkår

1.1 Partar

- | | |
|--|-------------|
| • Vinje kommune (heretter kalla vertskommune) | 964 964 610 |
| • Seljord kommune (heretter kalla samarbeidskommune) | 964 963 738 |
| • Kviteseid kommune (heretter kalla samarbeidskommune) | 964 963 827 |
| • Fyresdal kommune (heretter kalla samarbeidskommune) | 939 772 766 |

Vertskommunane og samarbeidskommunane utgjer «deltakarkommunane» og er eigne og sjølvstendige rettsobjekt, heretter kalla partane.

1.2 Sjukehuset Telemark HF (heretter kalla STHF)

er ein del av samarbeidet med bakgrunn i deira «sørge for ansvar» for følgjetenesta. Samarbeidet med vertskommunane og STHF blir regulert i *delavtale 4.3.9 tilleggsavtale om jordmortjenester - samarbeid om beredskaps- og følgjetenester for gravide*.

1.3 Driftsavtale med Tokke kommune

Tokke er ikkje part i vertskommunesamarbeidet, men deltek i beredskapsordninga. Samarbeid, ansvarstihøve og økonomiske tilhøve blir regulert i eigen avtale mellom Tokke kommune og vertskommunen.

1.4 Andre parter

Dersom andre kommunar ynskjer å vera med i samarbeidet må det bli godkjend av partane.

1.5 Bakgrunn og føremål

Kommunane Vinje, Seljord, Kviteseid og Fyresdal vedtok å gå inn i eit samarbeid om jordmortenester våren 2017 etter kommuneloven § 28. Bakgrunn er å sikre kommunane ein stabil og robust jordmorteneste ved vakansar, feriar og sjukdom.

1.6 Oppstart varighet/revisjon

Samarbeidsavtalen gjelder frå 1. januar 2018.

Avtala er ikkje tidsavgrensa, men partane kan seie opp avtala med eitt års varsel regna frå tidpunktet vertskommunen mottok oppseiinga. Oppseiinga må gjerast skriftleg etter vedtak i det einskilde kommunestyre.

Dersom oppseiing frå ein eller fleire av kommunane bør ein avklære om det er grunnlag for å halde fram med vertskommunesamarbeidet.

Revisjon av avtale gjerast etter behov eller ynskje frå ein av partane.

1.7 Samarbeidsutval

Det blir etablert eit interkommunalt samarbeidsutval som er eit drøftings- og rådgivingsorgan mellom partane. Samarbeidsutvalet skal ikkje ha vedtaksmynde, men motta informasjon og koma med innspill.

Samarbeidsutvalet bør bestå av ein representant frå partane og ein representant frå STHF. Utvalet bør ha minst 2 møte pr. år.

Tema på møta skal vera:

- Budsjett
- Rekneskap
- Bemanning
- Driftsavtalene
- Årsrapport
- Evt. handlingsplanar og samarbeid med andre helsetenester

2 Arbeidsgjevaransvar

Vertskommunen har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i jordmørsamarbeidet og organiserer sin verksemd ut frå dei oppgåver som jordmødrene til ein kvar tid skal løyse.

Jordmødrene som i dag er tilsett i samarbeidskommunane blir etter nærare avtale mellom den tilsette, kommunen og fagorganisasjonen overført til vertskommunen som blir ny arbeidsgjevar.

Tilsette som går frå tilsetting i ein kommune og inn i vertskommunesamarbeidet vil behalde fortrinnsrett hjå tidlegare arbeidsgjevar i 2 år frå avtaledato.

Vertskommunen har ansvaret for å rekruttere nye jordmødrer til samarbeidet.

Behovet for jordmorstillingar er 495 % stilling (ink. avdelingsleiar). Av dette utgjer 315 % stilling til vaktberedskap (Tokke er med i vaktberedskapen med 60% stilling).

Auke i stillingar kan berre skje etter vedtak i partanes kommunestyre.

2.1 Avdelingsleiar

Det blir tilsett ein 20% avdelingsleiar som ein del av ei jordmorstilling. Kontoret skal liggje på jordmorvakta, slik at leiar kan ha fast kontakt med dei tilsette i samarbeidet.

Avdelingsleiar skal vera kontaktpersonen mot kommunane og STHF og er underlagt helse- og omsorgssjef i vertskommunen.

3 Delegasjon, kontroll og klagesaker

3.1 Delegering av mynde

Føresetnaden for denne avtalen er at kommunestyret i samarbeidskommunane gir rådmannen i eigen kommune instruks om delegering av myndighet jfr. kommuneloven § 28-1 b pkt. 3 til rådmannen i vertskommunen. Delegasjonen frå samarbeidskommunane skal gi rådmannen i vertskommunen fullmakt til å fatte avgjørsler innanfor vedteke budsjett i saker av ikkje prinsipiell art.

Vertskommunen plikter å gi melding til fylkesmannen i Telemark når vertskommunesamarbeidet er etablert jfr. tidspunkt fastsatt i avtalens pkt. 1.3.

Vertskommunen ved rådmann får fullmakt til å inngå avtaler om sal av mindre tenester til andre kommunar.

Vertskommunen har det medisinskfaglege ansvaret i høve til helselovgivingas bestemmelser om jordmortenester.

3.2 Internt tilsyn og kontroll med samarbeidet

Vertskommunens kontrollutval er kontrollutval for Vinje interkommunale jordmorteneste jfr. kommuneloven §28-1 h og 28-1 j.

3.3 Klagesaker

Samarbeidskommunane må i samarbeid med vertskommunen fylgje kommunelovas §28-1 f i høve til handsaming av klagesaker for pasientar og helsepersonell.

4 Finansiering, rekneskap og rapportering

4.1 Finansiering

Framlegg til budsjett blir lagt fram for samarbeidsutvalet ein gong i året.

4.1.1 Avtalene med andre samarbeidspartar

I avtalen med STHF skal det gå fram kva for kostander som sjukehuset skal dekkje i samarbeidet rundt vaktberedskapen og stilling som avdelingsleiar.

I avtalen med Tokke kommune skal det gå fram kor stor del av vaktberedskapen som skal refunderas vertskommunen.

4.1.2 Utgiftsfordeling for partane:

Samla utgifter til løn og driftsutgifter etter refusjon frå STHF og Tokke kommune:

- Bunnressurs for Vinje, Seljord, Kviteseid med 10 % og Fyresdal med 5 %.
- Deretter fordelas utgiftene etter fødselar.

4.2 Rekneskap

Vertskommunen fører rekneskap for drifta av samarbeidet. Rekneskapet fylgjer bestemmelsar som gjeld for interkommunale samarbeid og føres på eit ege ansvar i vertskommunen driftsrekneskap. Vinje kommune blir kompensert med kr 15.000,- for rekneskapsføring.

Vertskommunen fakturerer akontobeløp til partane, STHF og Tokke kommune 4 goner i året med avrekning ved slutten av året.


4.3 Årsrapport

Vertskommunen utarbeider kvart år ein årsrapport som blir handsama i samarbeidsutvalet og blir lagt fram som referatsaker i kommunane.

5 Tvistemål


Tvistemål om verksemda skal løysast gjennom forhandlingar. Dersom dette ikkje fører fram skal den avgjerast ved valdgift ved domstolane i samsvar med reglane i Tvistemålslova.

6 Underskrifter




Jan Myrekrok

Rådmann Vinje



Øystein Tveit

Rådmann Kviteseid



Kari Gro Espeland

Rådmann Seljord



Ketil Kiland

Rådmann Fyresdal